



Kjærlandssido er ein av fleire kommunale vegar i Uskedalen.

Glatte vegar har den siste veka medført vanskar både for gåande og køyrande. Dette gjeld særleg på kommunale vegar i Uskedalen. Uskedalen.no har spurt einingsleiar Veg og Park, Per Inge Naterstad, om svar på to spørsmål om brøyting, salting og strøing. Vi gjer merksam på at Geilovegen og vegen fram til Holmen er privat. Det same gjeld vegen i Skårhaug og til Dønhaug. Les svara under.

1.

Det er snøbrøyting på kommunale vegar. Kva med strøing og salting. Kommunale vegar i Uskedalen er: Kjærlandssido, Eikevegen, Halsabrotet, Beinavikjø, Korsnes/Ospelunden, Børnes, vegen til kyrkja, skulen, barnehagen og til SPAR

Svar:

Kvinnherad kommune har som sagt avtale med kontraktørar på snøbrøyting ut frå gitte kriterier. Når det gjeld strøing og salting er dette arbeid som kun vert igangsett etter bestilling frå kommunen. Kvinnherad Kommune har ein heilt anna strøpolicy enn det fylket oppererar med på sine vegar og det merkar nok publikum også. Vi må ut frå dei rammene vi har, vera noko meir restriktive på strøinga og det skal vera nokså glatt før vi iverkset tiltak.



Kommunalt veg til byggefeltet i Halsbrotet kan til tider vera glatt og isete på vinterføre.

2.

Kva med den kommunale vegbiten øvst i dalen (ikkje Fjellandsbø). MESTA har ansvaret for fylkesvegen på Døslandsido og vidare opp dalen til søre Musland. Kommunalt ansvar: 900 meter fram til Friheim

Svar:

Denne vegen vert brøyta av kommunen etter same kriterier som for andre kommunale vegar.

Merknad frå Naterstad:

Eg kan og nemna at vi førre helg hadde utfordringar mange stader, også i Uskedalen med glatte vegar. Vekslande vertilhøve gjorde og at saltinga ikkje virka, noko som resulterte i stålis fleire stader. Dette er ikkje slik vi ynskjer å ha det, men diverre så vart det slik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



MESTA har all brøyting, strøing og salting på Fylkesveg 48 og på Døslandssido og vegen fram til søre Musland.